

Vedlegg 2

Oversikt over planlagd framlegging av utgreiingar i høve vedtekne innsparingskrav til finansutvalet.

Sektor administrasjon

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i juni 2021

1. Samle administrative funksjonar
2. Innsparingspotensial knytt til digitalisering og automatisering av arbeidsprosessar
3. Forventa naturleg avgang i kvar avdeling i perioden og utarbeide bemanningsplanar basert på gjennomgang av arbeidsoppgåver og –prosessar
4. Rutinar og tiltak for å styrke intern mobilitet blant tilsette
5. Innretting av løyvingnivå for midlar til kurs, annonsering, møtekostnader, reiser m.m. i sektoren
6. Sanering av IT-system
7. Potensial for reduserte lisenskostnader m.m.
8. Sjå potensiale for innsparingstiltak i politisk verksemd

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i september 2021

9. Innsparingspotensial innan området personaløkonomi, t.d. potensial for reduserte kostnader gjennom auka gjennomsnittsalder for uttak av alderspensjon, AFP og uførepensjon gjennom at ein legg til rette for at tilsette ønskjer å stå lenger i arbeid

Sektor oppvekst

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i juni 2021

1. Tilbod om sommaropen barnehage blir i 2021 gitt i heile kommunen. Det skal vidare utgreiast moglegheiter for alternative tilbod med mål om innsparingsgevinst, samstundes som tilbod vert gitt.
2. Prosjekt frå spesialundervisning til tilpassa opplæring i barnehage og skule vert starta opp, og finansiert i 2021 og 2022.
3. Det vert gjennomført eit sektorkutt i barnehage (0,25 mill.kr) og skule (1,5 mill.kr) ved implementering av ny budsjettmodell.

Resultatet av ny ressursfordelingsmodell gjev ikkje grunnlag for føresett sektorkutt på 1,5 mill. kr innan skule, jf. Orientering i formannskapet 18.02. Rådmannen vil presentere alternative innsparingstiltak for å løyse denne utfordringa i arbeidsdokument 2/21.

4. Sogndal opplæringscenter skal frå nytt skuleår har ein fast undervisningsstad, men skal også legge til rette for fleksible digitale løysingar både på dagtid og kveldstid for brukarar som har vanskar med å dagpendle kvar dag til Sogndal.

Prosessar vert sett i gang for å sikre involvering av brukarar og tilsette fram mot skulestart 2021. Avbøtande tiltak med både digital og kveldsundervisning skal planleggast for. Vi vil også undersøkje om det er andre kommunar i regionen som kan ha deltakarar som kan vere interessert i det nye tilbodet. På denne måten kan vi auke inntektene noko.

Sektor helse

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i juni 2021

Utgreiingane innan helse vert vurdert i samanheng og prensert samla. Utgreiinga skal sjå på behov og moglegheiter for:

Institusjon, heimeteneste og bu og miljø

1. Utnytting av lokalitetar og bygg, inkludert optimal plassering av tenester etter byggmessige kvalitetar og forhold
2. Oppretting og gjennomgang av turnusavtalar og bemanningsplanar, inkludert bruk av kompetanse og kompetansemiljø
3. Endring av turnus og alternative arbeidstidsordningar – til det beste for brukarar, tilsette og arbeidsgjevar

4. Justering av prioritert tenestetilbod opp mot satsingsområda i kommunen

Legetenestene:

1. Evaluere legevakt-piloten i Balestrand

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet innan utgangen av 2021

Legetenestene:

2. Revidere «plan for legetenesta i Sogndal kommune» datert 26.mars 2019

Sektor plan og samfunn

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i juni 2021

1. Reduksjon løypekjøring Kleppa/arbeid for opplev Leikanger. Føresett innsparing kr 100.000.
2. Organisering av bibliotekdrift i saman med at bibliotek vert samordna med andre funksjonar som t.d aktivitet i kulturhus, innbyggjartorg der det ligg til rette for det.
3. Vegvedlikehald. Vil gå gjennom dette i Kommunal transportplan (KTP) i 2021. Offentlege vegar krev eit visst vedlikehald og standard.
4. Grøntområde.
5. Utvide område for avgiftsparkering til Leikanger og Balestrand og område i Gamle Sogndal som ikkje har avgiftsparkering i dag.

Vedtekne utgreiingar/tiltak som vert framlagd for finansutvalet i september 2021

6. Reinhald. Gjennomgang av ressursbruk/metodar opp mot reinhaldsplanar og ev endra bruk av bygg.
7. Vedlikehald bygg. Gjennomgang av området og også vurdere sal av bygningsmasse. Gjennomgåande inntrykk er at kommunen nyttar lite ressursar på vedlikehald og at bygningskapitalen forfell.